

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 31.03.2009 **Tid:** 15 00-18.50

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 6 , 1 inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:
Kristian Jørgensen
Inge Aasgaard

I staden møtte:
Sven Tore Kulleseid

Andre som var tilstade på møtet: Kultur konsulent Tysseland og ass.adm. Våge

Merknader: Eva Hellevang leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 01.04.2009

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Odd Lønnebakken orienterte frå SU i Dråpeslottet barnehage.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Paviljongen

Bergen arkitektforening har gjev uttale på fordelar med plasseringa på både Bjørkheim og Gullbotn. Det vil vert utarbeidd skisse på forslaga og kostnadsoverslag som PØ vil ta stilling til i møtet den 14 april.

Utdanningskonferansen

Leiar hadde meldt forfall til dette møtet og kjem tilbake på dette i neste møte.

Skulebruksplanen

Ass.adm.sjef orienterte om prosessen og arbeidet som no er i gang på skulane og ute i FAU og SU. Adhoc-gruppa har fått inn forslag på ulike modeller i tråd med mandatet. Desse vil verte arbeidd med og lagt fram til høyring før endeleg vedtak i KS

Utekontakten i Kvam

Utekontakten kjem og informerer om arbeidet i Kvam og samarbeispartane dei har i neste OO-møte. Liv Berit Befring avklarar med ordførar om det også skal gjevast informasjon til kommunestyret.

100-årsjubileet

Jubileumsnemnda skal ha møte den 17. april for å fastsetta programmet. Det er gått ut brev til lag og ogranisasjonar. Det vert også Tysse-dager og 25-års jubileum for kultruskulen denne helga. Kulturprisen og ungdomsstipendet vert delt ut i samband med desse arrangementa.

Stadnamn i Samnager er no lagt inn i kartdatabasen. Sjå Bergensregionen sitt kartdata program på internett.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0006/09	09/00067 KULTURMIDLAR 2009.
0007/09	08/00462 EVT. BUSETJING AV FLYKTNINGAR I 2009 - 2011
0008/09	09/00089 REVISJON AV VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR
0009/09	09/00117 KOMPETANSEUTVIKLING GRUNNSKULEN 2009-12. STRATEGIPLAN
0010/09	06/00321 PSYKIATRIPLAN 2007 - 2010. - BRUK AV AVSETTE MIDLAR

0006/09

KULTURMIDLAR 2009.**Framlegg til vedtak:**

Administrasjonssjefen kjem ikkje med framlegg til vedtak i denne saka

Handsaming i møte:

Fellesframlegg;

1. ”Samnanger Jeger og fiskarlag skal arrangere NM Nordisk Trapp 2009 og søker om midler for å få dette gjennomført. OO rår til at kommunestyret dekker søknaden på kr. 50.000 med fondsmidlar/tilleggsøyving. OO ser ikkje at det er rom for dette innan dei midlane som er sett av til kulturmidlar for 2009.”

Det vart først røysta for framlegget som vart samrøystes vedteke.

Utvalet handsama deretter dei andre søknadane og gjorde framlegg om tildeling lik vedtaket.

Utvalet røysta punktvis for tildelinga slik den ligg føre.

Punkta vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Samnanger Jeger og fiskarlag skal arrangere NM Nordisk Trapp 2009 og søker om midlar for å få dette gjennomført. OO rår til at kommunestyret dekker søknaden på kr. 50.000 med fondsmidlar/tilleggsøyving. OO ser ikkje at det er rom for dette innan dei midlane som er sett av til kulturmidlar for 2009.
2. Tildeling av kulturmidlar slik det går føre av tabellen nedanfor.:

Tildeling av kulturmidlar 2009	
1.1500.3770.4701:	
Tilskot til song og musikk kr 40.000	
Samnanger skulemusikklag	25 000
Samnanger barnekor	5 000
Tysse/Nordbygda musikklag	10 000
Sum	40 000
1.1500.3803.4701:	
Tilskot til idrettsarbeid, kr 75.000	
Samnanger idrettslag	65 000
Tysse skyttarlag	5 000
Samnanger Jeger og Fiskerlag	5 000
Samnanger Jeger og Fiskerlag NM	0
Sum	75 000
1.1500.2310.4701:	

Tilsk. Barne- og ungdomsarbeid, kr 120.000	
URD ul	5 000
Nordbygda ul.	35 000
Nordbygda ul. Arbeidsstove	4 000
Ungdomsklubben Petit	10 000
Samnanger søndagsskulelag	2 000
Soul survivor, Samn. Kyrkjelyd	10 000
Barnas festspilldag	4 500
Ungdommens kulturstipend	15 000
Til administrativ fordeling*	34 500
Sum	120 000
1.1500.3851.4701:	
Tilsk. Forsamlingshus, kr 30 000	
Nordbygda ul.	6 000
I/S Vonheim	5 000
Tveit ul.	5 000
Frøylandsdal grendalag	5 000
Kulturhistorisk senter	9 000
	30 000
1.1500.3854.4701:	
Øvrige kulturføremål, kr 25.000	
Samnanger Røde Kors	5 000
SRK Besøkstenesta	7 000
Samnanger historielag	2 000
Samnanger Pensjonistlag	3 000
Vonheim Revy og Teaterlag	4 000
Rolvsvåg turlag	1 000
Samnanger kameraklubb	3 000
	25 000
	300
Sum totalt	000

EVT. BUSETJING AV FLYKTNINGAR I 2009 - 2011

Framlegg til vedtak::

Handsaming i møte:

Fellesframlegg: ”Samnanger kommune tar i mot om lag 12 flyktningar, fortrinnsvis familiar. Ein føreset at tilskota dekkjer kommunen sine utgifter Ein skal starta arbeidet med å finna område for eventuelle hus og bustadfinansiering i Husbanken, i samarbeid med IMDI ”
Det vart røysta over framlegget, som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune tar i mot om lag 12 flyktningar, fortrinnsvis familiar. Ein føreset at tilskota dekkjer kommunen sine utgifter Ein skal starta arbeidet med å finna område for eventuelle hus og bustadfinansiering i Husbanken, i samarbeid med IMDI.

0008/09

REVISJON AV VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR

Framlegg til vedtak::

Reviderte vedtekter for kommunale barnehagar i Samnanger kommune vert vedteke slik dei ligg føre datert den 31. mars. 2009.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Reviderte vedtekter for kommunale barnehagar i Samnanger kommune vert vedteke slik dei ligg føre datert den 31. mars. 2009.

0009/09

KOMPETANSEUTVIKLING GRUNNSKULEN 2009-12. STRATEGIPLAN

Framlegg til vedtak::

Kompetanseutvikling for pedagogisk personale – Strategiplan 2009 – 2012, vert vedteken slik han ligg føre, datert 31.03.2009.

Kompetanseutvikling for pedagogisk personale.. strategiplan 2009 – 2012

Planen er i tråd med den nasjonale strategien ”Kompetanse for kvalitet – strategi for videreutdanning av lærere” og med lokale behov. Formell vidareutdanning i basisfaga på ungdomstrinnet skal ha høgast prioritet, og deretter etterutdanning i leseopplæring på

barnetrinnet. Den gjeldande regionale kompetansehevingsplanen for Midthordland kompetanseregion er førande for planlegging og gjennomføring av tilbod om etterutdanning for lærarar og skuleleiarar. Handlingsplanen for 2009 vert utarbeidd i samråd med dei tillitsvalde etter vurderingar av lokale behov komme fram i kartlegginga, og i samsvar med den kommunale strategiplanen for kompetanseutvikling 2009-2012.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kompetanseutvikling for pedagogisk personale – Strategiplan 2009 – 2012, vert vedteken slik han ligg føre, datert 31.03.2009.

Kompetanseutvikling for pedagogisk personale.. strategiplan 2009 – 2012

Planen er i tråd med den nasjonale strategien ”Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning av lærere” og med lokale behov. Formell vidareutdanning i basisfaga på ungdomstrinnet skal ha høgast prioritet, og deretter etterutdanning i leseopplæring på barnetrinnet. Den gjeldande regionale kompetansehevingsplanen for Midthordland kompetanseregion er førande for planlegging og gjennomføring av tilbod om etterutdanning for lærarar og skuleleiarar. Handlingsplanen for 2009 vert utarbeidd i samråd med dei tillitsvalde etter vurderingar av lokale behov komme fram i kartlegginga, og i samsvar med den kommunale strategiplanen for kompetanseutvikling 2009-2012.

0010/09

PSYKIATRIPLAN 2007 - 2010. - BRUK AV AVSETTE MIDLAR

Framlegg til vedtak::

Under føresetnad av at fylkesmannen løyver uteståande midlar på kr 130.000 vert framlegg til handlingsplan for bruk av oppsparte midlar i psykiatrien slik han går fram av saksutgreiinga gjort gjeldande for Samnanger kommune.

Administrasjonssjefen får fullmakt til å forestå endringar i planen dersom tiltak ikkje kjem i gang eller kostnaden vert ein annan enn skissert i planen.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke med justering på kr. 50.000 for planlegging av tverrsektorielt tiltak .

Vedtak:

Under føresetnad av at t midlar i psykiatrien slik han går fram av saksutgreiinga gjort gjeldande for Samnanger kommune.

Administrasjonssjefen får fullmakt til å forestå endringar i planen dersom tiltak ikkje kjem i gang eller kostnaden vert ein annan enn skissert i planen nedanfor:

Tiltak	Kostnad	Ansvarleg	Kva skal gjerast
Driftstilskot til barne- og ungdomsarbeidet i Haga kyrkje	10.000	TR	Utbetaling av tilskot
Driftstilskot ungdomsklubben Petit	10.000	TR	Utbetaling av tilskot
Aktiviseringstiltak funksjonshemma/ fritidstiltak	50.000	PLO v. koordinator funksjonshemma	Planlegge type tiltak samt organisera og gjennomføra dei
Rusfritt arrangement	30.000	Kulturkonsulenten saman med ungdomsrådet	Organisere og gjennomføre tiltak(a)
Tiltak retta mot bestemte ungdommar som treng eksta oppfølging	20.000	Eining for sosial og helse i samarbeid med ungdomsskulen	
Kurs i ulike kunststartar og anna for barn/ungdom	30.000	Kulturskulerektor	Her ser me for oss kortvarige kurs, t.d. ei helg. Type kurs som er aktuelle kan vera hip-hop, swingkurs, break-dance, mat, maling, film, foto. Gjerne område som me ikkje har i dag.
Aerobic-kurs, evt. andre nyare treningsformer. Minimal om nokon eingendel for deltakarane.	20.000	Kommunal fysioterapeut	Det er viktig at dette vert forbeholdt ungdom, slik at det framstår som eit ungdomstiltak. Haust 2009
Gratis svømmekveld for ungdom frå ungdomsskulealder og oppover i kombinasjon med aktivitet i gym.salen.	20.000	Kommunal fysioterapeut	Engasjera badevakter og ansvarleg gym.sal, gjera tilbodet kjendt. Kostnaden skal brukast til løn
Ferietilbod til barn og unge – støtte til etablering	10.000	Adm.sjef	Utbetala tilskot
Kurs for personale som arbeider med barn og unge knytt til rus	14.000	Einingsleiar sosial og helse	
Arbeidsverkstad for vaksne psykisk sjuke, kortare kurs	30.000	Psykiatrisk sjukepleiar	Sjekke ut kva type kurs det er interesse for blant brukarane,

			finne kurshaldar, organisera kursa
Oppl�ring av personale i aktuelt tema	15.000	Psykiatrisk sjukepleiar	Legge til rette, leige inn kurshaldar, dekking av vikarar
Tverrsektorielt samarbeid	50.000	Ass.adm..sjef	Lage plan og system for � etablera samarbeid.
	309.000		